



Hordaland Fylkeskommune v/ kultur- og idrettsavdelingen
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1524 - 18/13259

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

19.06.2018

Søknad om bygging av landbruksveg - Beitevegen på Gbnr. 51/10 Landsvik i Meland kommune

Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca. 50 meter i vegklasse 8

Gbnr: 51/10

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 13.07.18

Meland kommune har motteke søknad frå Kåre Landsvi om å få byggje ein landbruksveg på Landsvik. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse 8 på ca. 50 meter. Vegen vil vere tilkomst til jordbruks- og skogbruksareal.

Vegen vil nyttast 100 % til landbruksformål, kor 70 % er jordbruk og 30 % er skogbruk. Vegen vil gje betre tilkomst til arealet og vil gjere landbruksdrifta enklare. Ein veg vil gjere skjøtsel, drift og tilsyn av areal enklare i nedbørsrike periodar der barmarkskjøring vil gje skader på innmark. Vegen vil gje lettare tilkomst til skogareal som ligg nord for beitet, slik at skjøtsel og tilsyn av skogen vil kunne gjerast lettare. Vidare er ein veg eit viktig tiltak for å kunne forvalta og driva landbruksareala på ein effektiv måte.

Det er i dag ein enkel tilkomst inn til beitet, og det er punktvis forbetringar frå tidlegare, men på grunn av grunnforholda er det ofte bløtt å vanskeleg å komme inn på beitet med maskin. Det er naudsynt med god tilkomst til areala som kan nyttast meir uavhengig av ver for å kunne gjennomføre vanleg landbruksdrift.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap.3 sakshandsaming , vedtak og vilkår mv § 3 - 1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei ut talar som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommunen og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Vedlagt følger søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20180619134829

20180619134812

Kopi til:

Kåre Landsvik

Landsvik 38

5917

ROSSLAND

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune v/
kultur- og idrettsavdelingen

Meland kommune kulturavdelingen
v/ Eirik Bouwer Utne

Postboks 7900

5020

BERGEN